



Sjå adresseliste

Dato: 15.04.2015

Vår ref.: 2014/8-23

Saksbehandlar: lisadla

Dykkar ref.: «REF»

## Tilskot til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan

Det vert vist til dykker søker nader om tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Innan fristen den 6. mars 2015 var det motteke søker nader frå tre kommunar.

Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland (FTU) handsama i sitt møte 8. april 2015 sak (PS 15/2015) om tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Det vart gjort slikt vedtak:

1. Bømlo kommune får tildelt tilskot på kr 175.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Lindås kommune får tildelt tilskot på kr 150.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
3. Tysnes kommune får tildelt tilskot på kr 175.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

*FTU vedtok i tillegg at det skulle sendast eit felles brev til alle kommunane der det vart orientert om denne tilskotsordninga, og søkerfristen for 2016.*

Møteprotokoll og saksframlegg til sak PS 15/2015 finn ein her:

<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalg/UtvalgmoeteDetail?Umoetid=373>

I samband med prosjektet Trafiksikker kommune har Trygg Trafikk utarbeidd en mal til kommunal trafikksikringsplan. Denne finn de vedlagt som eit eksempel på korleis trafikksikringsplanen kan utarbeidast. Vidare ber fylkeskommunen om å få vere høyringsinstans når forslag til kommunal trafikksikringsplan vert sendt på høyring, samt at endeleg plan også vert sendt fylkeskommunen.

### Om tilskotsordninga

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikanretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for trafikksikring i Hordaland er det sett at eigne midlar til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar. Dette er lagt opp som ei tilskotsordning der Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) handsamar søkerne og gjer vedtak. Totalt var det løyvd kr 500.000,- til kommunale trafikksikringsplanar i 2015.

John Martin Jacobsen  
leiar

Lise Ådlandsvik  
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

### Adresseliste:

Bømlo kommune, Lindås kommune og Tysnes kommune